Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Seimstrand

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Skogstad

Gard:

(adresse): Heimdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Ikkje noko bestemt, men ein kunde höyre uttrykk som „raskfor", hjelpefor.

II Nei.

III På tröndsk: å skåvå, held på å skåvå, sat og skov.

IIII Ja, for ein 40-50-60 år sea. Vi kalla det skov.

Berre til hjelp.

V Helst osp, men også rogne. (raun) Ikkje barbre

Osp og rogne. (hegg)

VI Nei.

VII Nei.

VIII Helst ku, somtid og sau. Aldri hest.

Om vinteren, helst når dei hadde kalva.

Blanda saman med „sörpa". (hakkels)

Nei, ikkje av det dei vart prövd med. Derimot sikla dei langt, når ein kom med skavtrugga.

IX Mjölka vart betre, meire flöyte (sjöme) og finare, gulare smör.

X Nei.

XI Ikkje noko serskild namn.

XII —— „ ——

XIII Nei.

XIIII a) Om hausten og förejulsvinteren. b) Nei.

c) Nei.

3125

XV Kvistene, greinene vart skava inne (i stova) eller i fjøset. Greinene vart hogge opp i høveleg lengde og skava av borken. Treet skulde ikkje fylgje med, men vart brúka til brenneved. Kvistene klauv ein eit stykke oppover, men dei ytterste endane vart berre koppa av.

XVI Greinene var skava med vanleg tollekniv. Stokkane brúka ein bandkniv til. Denne var laga av járn og stål, bøygd i båe endane, og der var skaft på båe. Kniven var slipt berre på ei side. Nokon kniv av tyndeljåane veit eg ikkje av.

XVII Som ovanfor nemnd brúka ein tollekniv og skavkniv. Stokkane la ein i sagbukken eller studde dei opp på anna vis. Så sat vi gutungane omskrevs på stokken og drog kniven mot oss.
Nokon annan framgangsmåte veit eg ikkje om.

XVIII Nokon slik framgangsmåte har eg heller ikkje høyrt gjete.

XIX På ein vanleg stol eller skammel med ei trugge framfor seg. Så smier ein borken av så den fell i trugga, og veden vert kasta i ein dunge.

XX Skavved.

XXI a) Skav. b) Nei.

XXII a) Sjå ovanfor. b) Nei.

XXIII Ikkje noko serskild namn.

XXIIII Det må ikkje vera for grovt, og treet må ikkje fylgje med. Han bestefar hadde godt lag med å „skåvå".

3125

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# III

XXV Til vanleg bruk, også bakstefjel.
XXVI No er det heilt avlagt, og eg trur ikkje det har vore nytta dei siste 30 åra.

Vi samla også rognbær og rognelauv, pakka det i sekkar og tørka det på låve- eller lembrua. Dette var nam-nam for sauene.

Det hende også ~~lam~~ vi slepte sauene og serleg lamma bort i rishaugen vinters tid, og dei gnog og spratt så det var ein lyst å sjå.
Vidare tok vi lauv om hausten, helst av older, batt det saman i kjervar og tørka det på staurar eller oppslagd på bråar millom fleire staurar som ei slags hesje.

I 1890 årom var det mykje småsild inne i Gaulosen. Silda var det den gongen ingen avsetnad på, ~~og~~ (det var korkje hermetikkfabrikkar eller sildoljefabrikkar slik som no om stunder.) Det fanst ikkje ein einaste oppkjøpar)
Då bruka mange silda som fôr til kyr og sauer. Men det måtte ikkje verta for mykje av det, for det gav smak på mjølka.

3125

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING